



August 2015.

Joar melder om 71 mm. Regn denne månaden.

Ny hytte på stølen:

”Andersane” hadde helikopter for å frakte material til ny hytte på Solrenningane.

Den nye hytta vert bygd på same grunnen som den gamle, - som er utgått på dato.

No er hytta ferdig oppsett og det innvendige arbeidet er kome godt i gang. Ved siste synfaring la Anders ned siste golvbordet, heimelaga av douglasgran han hadde planta sjølv.



Sherpaer frå Nepal



Lakda Tamang, Sonam Ta Shi, Dilli.

Tre sherpaer frå Nepal har arbeidd med steinlegging av turstien over myrane mot Solrenningane. Det var smilande karar som viste glede i arbeidet med dei tunge steinane. Dei kan arbeidet dei er henta inn for å gjere, den nylagde steinstien ser bra ut og det vert ein mykje lettare og meir miljøvenleg tur over myrane. Steinane er henta frå området i nærleiken og frakta på plass med helikopter. Tidlegare vart stien brulagt med kreosotbjelkar og impregnert plank.

Dei tre arbeidskarane stilte gjerne for fotografering og signatur. I mangel på papir kom dei med forslag om å skrive signaturen sin på den kvite capsen min, og slik vart det.

Ny bru i Dyrdal.

Over Aurebotnelva på stølsvegen til Indre Dyrdal er det no oppsett bru. Det er Jan Egil som har fått byggverket i gang. Denne elva kan vere stor og til tider svært vanskeleg å komme over både for folk og fe.

Turfolk vil difor også få glede av denne brua.

Denne ruta opp til stølen har slakk og lett stigning og er gjerne ein av dei lettaste stadene å komme til fjellet på her hjå oss.

Foto: Ingelin



Dugnad på utvendig måling av Butikken.

Dugnadsgjengen talde 10-12 arbeidslystne personar som skrapa og måla. Før dagen var omme, var heile huset fornya med kvitmåling. Jentene tok seg av presisjonsmålinga rundt vindaug.

Her Nina og Tonje i arbeid >

Grendelaget spanderte pizza og is for å halde arbeidslysta i gang.



Amcar-treff i Ortnevik.

Ei helg var det Amcar-treff i Ortnevik og mange staselege bilar var med >

Dette var ei gruppe frå Arna som er i gang med å starte ein Amcar klubb.

Bjørn Atle hadde organisert treffet og ordna med innkvartering i Grendehuset.

Dei tilreisande vart køyrde rundt i bygda samla på spesialkonstruert køyretøy.

Laurdagskvelden var det grilling ved Grendehuset og ope for alle til å vere med.




Mykje blank fisk i Ortnevik. Fiskarar i elveosen melder om at der står tett med fisk. Den er vanskeleg å få på kroken, men dei luraste fiskarane får likevel fisken på land.

Ei fin ferjereise:

Ein ferjemann på ruta Ortnevik Nordeide fekk med seg at reisande med ferja hadde 36 års bryllaupsdag den dagen.

På tilbaketuren gratulerte den kreative ferjemannen paret, med å henge opp sjablongar inne i salongen.

Foto: Anne Britt



Kunngjering:



20 september Gudsteneste i Ortnevik Kyrkje, kl 1100.

Med helsing frå Grendelaget!